

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
04/25	Administrasjonsutval	04.11.2025
142/25	Formannskapet	04.11.2025
26/25	Eldreråd	11.11.2025
28/25	Råd for personar med nedsett funksjonsevne	11.11.2025
36/25	Ungdomsrådet	10.11.2025
27/25	Helse- og omsorgsutvalet	12.11.2025
36/25	Oppvekst- og kulturutvalet	11.11.2025
45/25	Næring, teknisk og miljøutvalet	12.11.2025
151/25	Formannskapet	18.11.2025
	Kommunestyret	

Budsjett 2026, Økonomiplan 2026-2029

Bakgrunn for saka:

Kommunedirektøren legg fram sitt forslag til budsjett og økonomiplan 2026-2029. Budsjettet syner at Sande kommune har ein særskild krevjande økonomi, og at det er behov for å fortsette arbeidet med å justere ned drifta i tråd med inntektene.

For å lese heile budsjettframlegget, sjå vedlagt lenke: <https://pub.framsikt.net/2026/sande/bm-2026-okonomiplan26-29>

Næring, teknisk og miljøutvalet 12.11.2025

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart teke til vitande.

NTM - 45/25 Vedtak

Næring, teknisk og miljøutvalet tilrår:

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til årsbudsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029 vert vedteke slik det går fram av framlegget og med dei rammene som det går fram av tabellar og oppstillingar under menypunkt "Budsjettvedtak".
2. Kommunedirektøren sitt framlegg til «Investeringsbudsjett 2026-2029» vert vedteke slik det går fram av "Investeringar i økonomiplanen". Sande kommunestyre godkjenner eit samla låneopptak på inntil 9 006 000 kroner, inklusiv 4 000 000 kroner til vidareutlån av startlån.
3. Framlegg til gebyr- og betalingsregulativ for 2026 vert vedteke slik det går fram av "Gebyrliste".

4. Sande kommunestyre vedtek følgjande forslag til finansielle måltall for økonomiplanperioden 2026-2029:

- Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter bør vere minimum 1,75 %
- Disposisjonsfondet skal i løpet av planperioden ligge på 4 % av brutto driftsinntekter

5. Skatt på inntekt og formue for forskotspliktige skattytarar vert skrive ut med maksimalt skattøyre.

6. Sande kommune innfører eigedomsskatt i heile kommunen frå 2026, med skattesats på 1 promille. Eigedomsskatt vert regulert i eiga forskrift som vert vedteken av kommunestyret.

Helse- og omsorgsutvalet 12.11.2025

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes tilrådd, med endringar i pkt 2.

HEOM - 27/25 Vedtak

Helse- og omsorgsutvalet tilrår:

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til årsbudsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029 vert vedteke slik det går fram av framlegget og med dei rammene som det går fram av tabellar og oppstillingar under menypunkt "Budsjettvedtak".

2. Kommunedirektøren sitt framlegg til «Investeringsbudsjett 2026-2029» vert vedteke slik det går fram av "Investeringar i økonomiplanen". Sande kommunestyre godkjenner eit samla låneopptak på inntil 9 006 000 kroner, inklusiv 4 000 000 kroner til vidareutlån av startlån, med slike endringar.

- Kaia ambulansebåten nytta på Larsnes no fungerer tilfredsstillande. Helse- og omsorgsutvalet meiner difor at det ikkje hastar med ny kai, og at denne investeringa kan strykast frå investeringsbudsjettet.
- Grunnkjøp branngarasje. Helse og omsorgsutvalet stiller spørsmål om andre og rimelegare alternativ er vurderte. Slike alternativ må vurderast før ei eventuell investering vert vedteken.

3. Framlegg til gebyr- og betalingsregulativ for 2026 vert vedteke slik det går fram av "Gebyrliste".

4. Sande kommunestyre vedtek følgjande forslag til finansielle måltall for økonomiplanperioden 2026-2029:

- Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter bør vere minimum 1,75 %
- Disposisjonsfondet skal i løpet av planperioden ligge på 4 % av brutto driftsinntekter

5. Skatt på inntekt og formue for forskotspliktige skattytarar vert skrive ut med maksimalt skattøyre.

6. Sande kommune innfører eigedomsskatt i heile kommunen frå 2026, med skattesats på 1 promille. Eigedomsskatt vert regulert i eiga forskrift som vert vedteken av kommunestyret.

- Helse og omsorgsutvalet sitt vedtak frå førre møte om eigedomsskatt står framleis ved lag.

Oppvekst- og kulturutvalet 11.11.2025

Behandling:

Økonomileiar orienterte om sektoren for oppvekst og kultur, og svara på spørsmål.

Kommunedirektøren si tilråding av samrøystes tilrådd, men tillegg av presiseringar i punkt 1.

OPK - 36/25 Vedtak

Oppvekst- og kulturutvalet tilrår:

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til årsbudsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029 vert vedteke slik det går fram av framlegget og med dei rammene som det går fram av tabellar og oppstillingar under menypunkt "Budsjettvedtak", med slike presiseringar:

- Kutt i oppvekst- og kultursektoren må sjåast i samanheng med venta utgreiing frå Telemarksforskning.
- Ein må ta omsyn til kvaliteten i barn og unge si opplæring i den vidare omstillingsprosessen i sektoren.

2. Kommunedirektøren sitt framlegg til «Investeringsbudsjett 2026-2029» vert vedteke slik det går fram av "Investeringar i økonomiplanen". Sande kommunestyre godkjenner eit samla låneopptak på inntil 9 006 000 kroner, inklusiv 4 000 000 kroner til vidareutlån av startlån.

3. Framlegg til gebyr- og betalingsregulativ for 2026 vert vedteke slik det går fram av "Gebyrliste".

4. Sande kommunestyre vedtek følgjande forslag til finansielle måltall for økonomiplanperioden 2026-2029:

- Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter bør vere minimum 1,75 %
- Disposisjonsfondet skal i løpet av planperioden ligge på 4 % av brutto driftsinntekter

5. Skatt på inntekt og formue for forskotspliktige skattytarar vert skrive ut med maksimalt skattøyre.

6. Sande kommune innfører eigedomsskatt i heile kommunen frå 2026, med skattesats på 1 promille. Eigedomsskatt vert regulert i eiga forskrift som vert vedteken av kommunestyret.

Råd for personar med nedsett funksjonsevne 11.11.2025

Behandling:

Kommunedirektør, økonomileiar og kommunalsjef helse og omsorg orienterte om hovudtrekka i budsjettframlegget.

Kommunedirektøren si tilråding vart teke til vitande.

Rådet er bekymra for kva budsjettet vil få å seie for tenester som vert ytt til personar med nedsett funksjonsevne. Rådet beklagar at sparetiltaka i kommunen går ut over eksistensen til Rådet for personar med nedsett funksjonsevne og Øya.

RLF - 28/25 Vedtak

Rådet er bekymra for kva budsjettet vil få å seie for tenester som vert ytt til personar med nedsett funksjonsevne. Rådet beklagar at sparetiltaka i kommunen går ut over eksistensen til Rådet for personar med nedsett funksjonsevne og Øya.

Ungdomsrådet 10.11.2025

Behandling:

UNG - 36/25 Vedtak

Ungdomsrådet tek Budsjett 2026 og Økonomiplan 2026-2029 til vitande.

Ungdomsrådet ber kommunestyret om at desse sakene vert prioritert:

- Skule – oppgradert og tilrettelagt for godt pedagogisk innhald
- Skule – oppgradere bygningsmassene med godt inneklima og gode uteområder
- Bygge godt sosialt skulemiljø – med varierte aktivitetar og turar
- Styrking av skulehelsetenesta
- God kompetanse blant lærarar og skuletilsette

Formannskapet 04.11.2025

Behandling:

Budsjett 2026, og budsjett og økonomiplan 2026 - 2029 vert arbeidd vidare med fram til formannskapsmøte 18. november.

FSK - 142/25 Vedtak

Realitetshandsaming av saka vert utsett til neste møte.

Administrasjonsutval 04.11.2025

Behandling:

Kommunedirektøren orienterte om bakgrunn for administrasjonsutvalet si behandling av budsjettet.

Edvard Inge Rekdal, hovudtillitsvald for Utdanningsforbundet varsla at UDF sine medlemmar føler det er urettferdig at oppvekstsektoren skal spare meir då dei i fleire år har haldt sine budsjetttrammer.

I budsjettframlegget ligg det inne ein reduksjon i 7 årsverk i åra framover. Dette må ein sjå i samanheng med rapporten frå Telemarkforskning. Vi har godt utdanna pedagogar i alle avdelingane og desse må vi ta vare på. Alle tilsette i oppvekstsektoren står i utfordrande situasjonar kvar dag.

Solveig Hagen Sandvik, hovudtillitsvald for Fagforbundet fryktar kutta i helse/omsorg. Fleire tilsette har varsla oppseiing, og sektoren opplever eit høgt sjukefråvær. Sektoren har stor mangel på helsefagarbeidarar.

Til budsjettetframlegget ber FF om at ein må verne om dei ansatte slik at ein unngår ytterlegare sjukmeldingar og at ein må verne om psykisk helse/rus-tenesta.

Wenche Bjørkeng peika på at vi må ha ein dialog mellom tillitsvalde og politikarane. Vi treng at dei tillitsvalde også bidrar med innspel på kvar ein kan spare.

ADM - 04/25 Vedtak

Administrasjonsutvalet tek kommundirektøren si tilråding til budsjett 2026, økonomiplan 2026 - 2029 til vitande.

Innspel frå dei tillitsvalde vert teke med i det vidare arbeidet med budsjettet.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til årsbudsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029 vert vedteke slik det går fram av framlegget og med dei rammene som det går fram av tabellar og oppstillingar under meny punkt "Budsjettvedtak".

2. Kommunedirektøren sitt framlegg til «Investeringsbudsjett 2026-2029» vert vedteke slik det går fram av “Investeringar i økonomiplanen”. Sande kommunestyre godkjenner eit samla låneopptak på inntil 9 006 000 kroner, inklusiv 4 000 000 kroner til vidareutlån av startlån.

3. Framlegg til gebyr- og betalingsregulativ for 2026 vert vedteke slik det går fram av “Gebyrliste”.

4. Sande kommunestyre vedtek følgjande forslag til finansielle måltall for økonomiplanperioden 2026-2029:

- Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter bør vere minimum 1,75 %
- Disposisjonsfondet skal i løpet av planperioden ligge på 4 % av brutto driftsinntekter

5. Skatt på inntekt og formue for forskotspliktige skattytarar vert skrive ut med maksimalt skattøyre.

6. Sande kommune innfører eigedomsskatt i heile kommunen frå 2026, med skattesats på 1 promille. Eigedomsskatt vert regulert i eiga forskrift som vert vedteken av kommunestyret.

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren legg fram sitt forslag til budsjett og økonomiplan 2026-2029. Budsjettet syner at Sande kommune har ein særskilt krevjande økonomi, og at det er behov for å fortsette arbeidet med å justere ned drifta i tråd med inntektene. I kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett er det lagt til grunn ein reduksjon på 12,5 årsverk frå 2025 til 2026. I tillegg er det lagt til grunn ytterlegare reduksjonar i årsverk, som nye tiltak i løpet av 2026, i alle delar av kommuneorganisasjonen. Budsjettet er justert for venta løn og prisvekst.

Den foreslåtte veksten i frie inntekter er på om lag 4,2 mrd. kroner som gir eit handlingsrom på 1,3 mrd. kroner utover meirkostnader til demografi. Veksten tilsvarar nedre grense i intervallet som vart varsla i kommuneproposisjonen for 2026. Kommunane sin andel av forventta vekst i frie inntekter er på 3,2 mrd. kroner. Kommunane vil få eit handlingsrom utover anslåtte demografi- og pensjonskostnader på 1,3 mrd. kroner. I tillegg vert auke i frie inntekter på 1,6 mrd. kroner frå revidert nasjonalbudsjett 2025 vidareført til 2026.

Anslag på frie inntekter per kommune vart publisert i statsbudsjettet for 2026. KS publiserte kort tid etter sin prognosemodell for skatt og rammetilskot. I denne modellen vert det lagt opp til at kommunene sjølv kan stipulere sine anslag for skatt inneverande år og framover i planperioden. I utrekningane av rammetilskot, skatt og inntektsutjamning for planperioden, har vi brukt KS sin prognosemodell. Modellen viser ein skatteinngang på omlag 98 % av landsgjennomsnittet før inntektsutjamning. I kommunedirektøren sitt budsjettforslag for 2026 er frie inntekter (ordinær skatt inkl. inntektsutjamning og rammetilskot) satt til 240,3 mill. kr. Veksten for Sande kommune i statsbudsjettet er estimert til om lag 8 mill. kroner (3,6 %). Kommunen har ein vekst i dei frie inntektene som er lågare enn landsgjennomsnittet, men opplever på lik linje med andre kommuner at driftskostnadane aukar. Veksten i dei frie inntektene i Sande vil i hovudsak gå til å dekkje løn- og prisvekst, og er ikkje nok til å dekkje opp for det reelle behovet for å drifte kommunen. Difor er det nødvendig å fortsette arbeidet med å justere ned drifta vår i tråd med inntektene.

Budsjettet er vurdert til å vere meir realistisk enn i 2025. Sektorane har lagt inn tiltak for å få ei meir treffsikker ramme i tråd med faktisk drift. Dette gjeld særskilt i helse og omsorgssektoren, der ein ikkje har hatt dei naudsynte budsjettmidlane til rådvelde. Kommunedirektøren har likevel ikkje økonomisk handlingsrom til å korrigere alle behov som er meldt inn. Det betyr stram økonomisk styring vidare, og at alle innsparingstiltak som er lagt inn er naudsynte for å ha noko i retning av eit realistisk budsjett. Vert tiltak tatt ut, må det politisk leggjast inn nye innsparingstiltak for å oppretthalde balansen. Kommunedirektøren ser ikkje anna val enn å tilrå både innføring av eigedomsskatt, og reversering av ordninga med redusert formueskatt.

Kommunen vart på nytt innmeldt i ROBEK-registeret i 2025. Det inneberer godkjenning frå staten for budsjett og låneopptak. Investeringsbudsjettet er redusert, og gjeld i hovudsak investeringar knytt til VAR og startlån.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren konstaterer at kommunen sitt økonomiske handlingsrom er særskilt stramt. Kommunen er fortsatt nøyd til å ta grep i fellesskap skal vi få ein balanse mellom inntekter og utgifter. Utgiftene kan ikkje fortsette å vere høgare enn inntektene.

Kommunen må fortsatt arbeide for å få ein meir robust og berekraftig økonomi. Det vil vere heilt avgjerande for at Sande kommune skal kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet til innbyggjarane både på kort og lang sikt. For å styrke den økonomiske berekrafta må vi snu alle steinar, leggje om måten vi arbeidar på, vurdere tenestestrukturar og søkje interkommunale samarbeid der vi er ekstra sårbare. Samtidig må vi sørge for at dei mest sårbare innbyggjarane våre framleis får god hjelp og støtte frå kommunen.

Budsjettdokumentet er eit framlegg frå kommunedirektøren, og er eit grunnlag for vidare diskusjon kring budsjett- og økonomiplanarbeidet framover. Kommunestyret fastset dei endelege økonomiske rammene for kommunen.

Likestillingsmessige sider ved saka: Budsjettprioriteringar kan ha betyding for likestillingsmessige tiltak.

Konsekvensar for folkehelsa: Budsjettprioriteringar kan ha betyding for folkehelsetiltak.

Miljøkonsekvensar: Budsjettprioriteringar kan ha miljøkonsekvensar.

Økonomiske konsekvensar: Budsjettarbeidet syner at Sande kommune har ein krevjande økonomi, der det er naudsynt med innstrammingsgrep.

Beredskapsmessige konsekvensar: Budsjettprioriteringar kan ha betyding for beredskap.

Konsekvensar for barn og unge: Budsjettprioriteringar kan ha betyding for barn og unge.

Utskrift vert sendt til:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Renathe Rossi Aglen
kommunedirektør